

Kyrkjetonar



**God
jul**

Julestress før julefred



Det sanne lyset,
som lyser for kvart menneske,
kom no til verda..

Joh. 1, 9

Framsidedeilet:

One Way har hatt besøk av Ten Sing Norway. Les meir frå besøket på side 12 og 13.

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anne Tove Øvrebø, Ingrid Hustoft Landro, Edvin Gjerde, Inger Magrethe Pedersen-Espevold

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype, 5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

No, rett før advent, er det vanskeleg å tenkja seg at julefreden snart skal senka seg. Ein kikk på kalenderen viser at november og desember er fulltegra i år også.

Arbeidsoppgåver skal vera ferdig før juleferien, avslutningar skal planleggast, gjennomførast og ryddast i ulike lag og foreningar og aller helst skulle ein gjera litt klar til jul sjølv også.

Det er eit koselig stress før jul, men når julehelga kjem er kontrasten ekstra stor og freden som senkar seg i heim og sinn når alle førebuingar er unnagjort. Før eller seinare må ein setja strek og seia at nok er nok - nå kan jula koma.

Oftast er det slik me tenker; det er me som skal gjera alt klart - SÅ kan jula koma, når me er klar!

Jesusbarnet venta ikkje med å koma til Josef og Maria var klar, senga var oppredd og det passa med fødsel. Dei færraste ungar ventar på klarsignal om at "me er klar, no kan du fødst".

Det er mykje som skal, bør og kan gjerast klar til jul, men kanskje skal me tenkja over kva som er viktig og kva som kan venta til januar.

Den fyrste julepynten som kjem opp i stova mi, og det siste som vert tatt ned, er ei julestjerne i vindauga. Om dagane og kveldane er travle så kan eg alltid sitta nokre minutt å nyta stillheita frå julestjerna.

"For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve. Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryta av seg sjølv. For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige så vi skulle vandra i dei." eferane 2:8-10

Det er ikkje dine og mine prestasjonar i julebakst, husvask og festarrangering som styrer vårt forhold til Jesus.

Den beste julefreden finn du kanskje i den gode langsame samtalen over ein kaffekopp? Me kan alle kjenna litt einsemd når mange, slik eg har gjort nå, snakkar om kor travelt det er før jul. Kanskje me i løpet av årets advent kan ta eit steg til sida og slå av ein prat med ein kollega eller stikka innom nokon som er einsam?

Velsigna advent og jul!

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta: 19. november

redaktørens hjørne



Else Gerd og Solfrid Ullvang bak salsborda

NMS misjonsmesse for Tysvær og Bokn

av Edvin Gjerde

Om nokon skulle tru at folk etterkvart skulle gå lei av å gå på messe, så må dei tru om att. Knappt nokon gong har det vore meir folk samla på Tysvær Soknehus enn dette året. Og det som er mest gledeleg er at så mange unge familiar kjem, og er der heile dagen frå kl 11 til det heile er over i tretida.

Her får dei kjøpt lapskaus, risengrynsgrøt eller kaffi og kaker. Lenger borte kan ein kjøpa kransar, handarbeid, heimebakst og gjenbruksvarer.



Åresalet er populært. Alle årer for ut fortare enn svint. Og loddsalet gjekk livleg, medan folk hygga seg i lag rundt bordene. Inn i mellom vart programmet avvika. Gledesspredaren og Førland Skulekorps deltok. Kjekke aktivitetar for dei minste på gangen, samt misjonglimt og bilder frå Laos som vart formidla av Sunniva Høgset.

På slutten av dagen kunne ein gleda seg over eit utruleg godt resultat. Ein stor og hjarteleg takk til alle dei som la ned arbeid både før og under messedagen eller støtta messa med gevinstar. Dette var teamwork i ordets rette forstand.

Kyrkja i Tysvær

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

telefaks: 52 75 77 10

åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 13

Kyrkjekontoret for Nedstrand sokn

telefaks: 52 75 77 21

åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

Sokneprest Arne Aurdal

Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

Sokneprest Bård Egil Dyrhol

Sokneprest Dag Tormod Milje
Mobiltelefon: 934 15 401

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

Tysvær soknehus, telefon: 52 77 11 88,
mobiltelefon: 481 35 457

Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus

Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

Trusopplæring/Kyrkjenær

Leiar Kyrkjenær: Kristin Trageton Skofteland

Medarbeidarar:

Nedstrand: Ingrid Hustoft Landro
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Førresfjorden: Kari Undheim
Bokn, Førresfjorden og Nedstrand: Greta Skorpe Elverhaug
Telefon: 52 75 77 00*

Organistar

Kari Undheim, telefon 928 08 103
Stein Johannes Kolnes, mob. 909 18 088
Gunn Bergvold Larsen,
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

Kyrkjeverje

Tysvær kommune: Terje Fjeldheim
Mobiltelefon: 934 15 404
Bokn kommune: Svanhild Alvestad
Mobiltelefon: 934 15 440

Kyrkjetenarar

Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold
Mobiltelefon: 404 11 889
Førresfjorden sokn: Målfrid Høie
Telefon: 52 77 36 88
Bokn sokn: Odd Grønnestad
Telefon 52 74 84 03
Nedstrand sokn: Steinar Nordeide
Mobiltelefon: 934 15 403
Skjoldastraumen: Barbara Stølvik
Telefon 52 77 92 78

Biskopen si julehelsing

av Erling J. Pettersen, Biskop Stavanger

Vi hadde planlagt skulen si julegudsteneste med god hjelp av sjetteklassingane. Teksten som dei hadde fått som førebuing, var Erik Hillestad sin salme:

«Stille natt, hellige natt
barnet er vår største skatt
Hylder vekkes av gåtefull klang
Natten fylles av englenes sang
Kristus, vår Frelser er født.»

Saman hadde vi delt juleevangeliet sine kjente ord om Han som kom til vår jord, delte våre kår, vart menneske som oss, sårbart, redd, med håp og draumar. Han gjekk den tunge vegen som vaksen til korset, der han delte sin kjærleik med oss. Det som gjorde sterkast inntrykk på elevane, var ein tekst som var skreven av Bjarne, som sjølv hadde Downs syndrom. Eg hadde lånt teksten av ein prestekollega som hadde fått hjelp av Bjarne til si eiga julepreike. Bjarne skreiv: «Kjærleik er Gud si makt. Jesus dødde på krossen. Han tar til seg det gode og set stryk over det vonde. Jesus Kristus hang på krossen for at vi ikkje bare skulle være ein feiltrinn.» Og så avsluttar Bjarne slik: «Vi lever i håpet, vi som trur på Gud. Vi menneske må ha håp, kjærleik og varme følelsar. Det får vi i kyrkja.»



Mitt ynskje for alle som søker kyrkja sitt heilage rom i advents- og julehøgtida, på gudstenester og konsertar, er at de kan få dele Bjarne si erfaring av håpet og kjærleiken som er jula sin inderste bodskap.


Velsigna jul!

Ikke gi bort noen ting til jul

av Grønn hverdag/illustrasjon: Svein Nyhus

Gi bort noe bedre! For miljøets, og ofte for mottakerens del er det en mye bedre idé å gi bort opplevelser og tjenester.

Målt per krone er miljøbelastningen fra «produksjon» av tjenester veldig mye mindre enn miljøbelastningen fra produksjon av ting. Ved å gi bort et teaterbesøk, en middag på restaurant, et abonnement eller en skitur, gjør du miljøet en tjeneste samtidig som du gir bort en gave som kan ha mer mening for mottakeren enn enda et slips eller enda en lekebil.



Avslutning for kyrkjevevja i Bokn

av Reidar Alvestad

Torsdag den 3. oktober vart det halde avslutning for Svanhild Alvestad som kyrkjevevja i Bokn. Ho pensjonerte seg frå 1. august i år. Både prosten i Haugaland prosti, Norodd Stavenjord, presten i soknet, Arne Aurdal og dei andre tilsette var saman med soknerådet og tidlegare leiarar av soknerådet til stades på Bokn bedehus kor soknerådet til vanleg har møter. Her vart det som seg hør og bør halde mange talar for Svanhild, som gjennom 20 – 25 år har vore ein nøkkelperson for kyrkja i Bokn.

Frå Mosjøen til Bokn

Svanhild Alvestad som opprinneleg er frå Karmøy, kom til Bokn sommaren 1974, same sommaren som ho gifte seg med Sigmund Alvestad. Før det hadde ho arbeid ved Indremisjonen sitt kontor i Mosjøen eit par år. Etter kvart fekk ekteparet 3 gutar og ei jente. Samstundes hadde dei gard kor ho deltok i arbeidet. Svanhild var med i frivillig arbeid, og frå hausten 1989 vart ho tilsett i ein mindre deltidstilling som klokkar i Bokn kyrkje. Etter kvart vart denne stillinga utvida, slik at ho også vart sekretær for soknerådet. Frå 1. januar 1997 begynte Svanhild som kyrkjevevja i Bokn i 40% stilling. Ny kyrkjelov hadde pålagt at alle kommunar skulle ha kyrkjevevja. Klokkarstillinga hadde ho fram til september 2003. Stillinga som kyrkjevevja vart utvida til 50% frå 1. januar 2000. Då var ho i gong med studier i administrasjon og leiing ved Høgskolen i Stavanger. Dette strekte seg over 4 semestere.

Mange oppgåver

Som nemnt hadde Svanhild engasjert seg i frivillig arbeid utanom jobben, som t.d. speidaren som står sterkt i Bokn. Også i jobben som kyrkjevevja fall det noko administrativt arbeid for speidaren. Bokn er ein såkalla eitt-sokn kommune, kor kyrkjevevja berre har 1 sokn å arbeida i. Ho var dermed dagleg leiar og sekretær både for sokneråd og fellesråd. Oppgåvene blir dermed ikkje ganske slik som det ville blitt med fleire sokn og 1 fellesråd. Her har Svanhild administrert det meste av det som skjer av kyrkjeleg arbeid. Det gjeld både kyrkja og kyrkjegarden. Ein avtale med kommunen medfører at kommunen utfører ulikt arbeid både på kyrkjegarden og i kyrkja, pluss rekneskap og løn. Svanhild seier ho har hatt eit godt samarbeid med kommunen, og det har vore bra at ho har hatt kontor i Boknatun saman med andre kommunalt tilsette. Ved at Bokn har presteteneste saman med Tysvær, blir det naturleg ein del samarbeid med kyrkjekontoret der. Samarbeidet har også i seinare tid blitt utvida med trusopplæring. Dette har fungert godt.



Einsam jobb

Svanhild fortel at det fylgjer mykje ansvar med jobben, og at han kan kjennast einsam. Andre kyrkjevevjar som ho har vore saman med i ulike samanhengar har derfor vore gode støttespelarar. Jobben har likevel vore allsidig med mange interessante og meningsfulle oppgåver. Ho seier at det har vore eit godt samarbeid også med prest og sokneråd. Samansetjinga i sokneråda har endra seg frå dei trauste litt eldre personane i tidlegare tider, til ei meir blanda aldersgruppe i dag, med meir opning for nye tankar i pakt med samfunnsutviklinga elles. Det er litt vemodig å slutta, men ho har nok å gjera. Det frivillige arbeidet er ho framleis aktiv i.



av Reidar Alvestad



Jan Magne Moi er tilsett som ny kyrkjeverje i Bokn frå 1. august i år. Han overtok stillinga etter Svanhild Alvestad som gjekk av med pensjon frå same tidspunkt.

Normisjon i Nepal

Jan Magne Moi er eldst av 4 søsken, og kjem opprinneleg frå Jæren. Med eksamen frå Bryne gymnas arbeidde han 1 år som lærarvikar. Det ga meirsmak, og han gjekk 3 år på lærarskulen på Stord. Etter det tok han grunnfag i kristendom, og seinare påbygging til mellomfag pluss ei halvårseining i IKT. I 1981 begynte han som distriktssekretær i Indremisjonen på Sand, og i 1989 som kretssekretær i Karmsund indremisjon. Der var han til fusjonen mellom Indremisjonen og Santalmisjonen vart samanslått til Normisjon i 2001. Frå januar 2001 til hausten 2002 arbeidde han som distriktsleiar i Normisjon. Jan Magne Moi begynte deretter på

Gå ut-senteret hausten 2002. Han og ektefellen Ingunn skulle då førebu seg på å reisa ut til Nepal som lærarar ved den norske skulen. Der arbeidde dei frå januar 2003 til sommaren 2005. Ingunn fungerte som rektor, og Jan Magne som Normisjon sin representant i Nepal. Tilbake i Norge var Jan Magne forkynnar i Normisjon region Rogaland i 1 år. I 2006 fekk han stilling som regionleiar for Normisjon region Sogn og Fjordane. Han er nå der i halv stilling, og halv stilling som kyrkjeverje i Bokn. Jan Magne er gift, og har 3 vaksne barn.

Funne seg til rette

Det var fleire grunnar til at Jan Magne Moi søkte på jobben som kyrkjeverje i Bokn. Arbeidet likna litt på det han tidlegare hadde gjort. Han har alltid følt seg heime i kyrkja, og kjende ein del boknarar frå før. Det er heller ikkje langt frå heimen, i og med at han bur på Eikje i Tysvær. Av det han har sett og gjort til nå, har han funne seg godt til rette, og det ser spennande ut. Det teiknar bra, og han trur at han vil trivast i jobben.

Utfordringar

Jan Magne Moi har fått med seg at barnekoret nyleg er nedlagt, og at søndagsskulen ikkje er i drift lenger. Det beklagar han, men har forståing for at dei som har drive dette arbeidet har behov for ein pust i bakken. Han meiner at Bokn kan vera stolte av det omfattande speidararbeidet som vert drive, og håper at noko av det andre arbeidet for barn og unge kan koma i gong att seinare. Trusopplæringsarbeidet er bra med eit godt opplegg, og borna ser ut til å trivast.

Vil du bli frivillig?

Med din livserfaring kan du være til hjelp for andre.



Vi trenger flere frivillige til vaktrom Haugalandet!

**Innføringskurs for telefonvakter
starter onsdag 05.02.2014 kl. 18-21**

Kontakt Kirkens SOS i Rogaland snarest på
tlf.: 51 88 45 15, mobil 971 70 995
e-post: rogaland@kirkens-sos.no
www.kirkens-sos.no



Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST



Eit barn er fødd i Malawi

av Kirkens Nødhjelp/foto: Greg Rødland

Jane og John har fått ein liten gut. Han blei fødd på Kamyana helseklinikk kl. 02:13 og vog 3 200 gram. Både mor og barn overlevde.

Det er inga julestjerne over klinikken i Kamyana. Ingen kongar kjem på besøk med gull, røykelse og myrra. Jane og John Kalikokha har ikkje ein gong våga å tenkje på namn til den førstefødde. Men dei fekk ein plass i fødestova.
–Eg er så glad for at eg kunne føde her! Her blir eg teken godt vare på, og eg kjenner meg trygg. Viss eg hadde fødd heime, ville risikoen for komplikasjonar vore mykje større, seier Jane Kalikokha (19). Norske kyrkjelydar byggjer helseklinikkar og utdannar jordmødre i Malawi gjennom Kirkens Nødhjelp. Saman gav vi Jane og sonen ein trygg fødsel.

Ventar med å fortelje

Malawi er blant landa i verda med høgaste tal for mødre og born som dør. Her er fødsel og død så nært knytte til kvarandre at ingen har råd til å leggje planar. Jane har bore på løyndomen sin i ni månader, slik norske foreldre gjerne ventar til tolvte veke med å fortelje.

Kvart år dør rundt 300 000 kvinner og 2 millionar born over heile verda i samband med fødsel. 99 prosent av desse dødsfalla skjer i fattige land som Malawi. Kirkens Nødhjelp har jobba i Malawi sidan 2002. Dei lokale søsterkyrkjene våre står for 40 % av helsetenestene i landet gjennom Malawis kristne helseforeining (CHAM). Saman byggjer og utstyrer vi helse-klinikkar og fødestover og utdannar sjukepleiarar og jordmødre. Seks sjukepleiehøgskular i Noreg har vore med på prosjektet ved å styrkje utdanninga. I tillegg driv vi fleire andre helsefremjande tiltak, blant anna ved å engasjere lokalsamfunn i helsekomitéar for å spreie kunnskap.

Ei julegåve som reddar liv

For 200 kroner kan Kirkens Nødhjelp t.d. gje ei jordmor medisinsk utstyr som reddar liv. Å gje ei mor og eit barn ein trygg fødsel er det beste julegåvetipset frå Kirkens Nødhjelp i år.

Viss du skal på gudsteneste denne jula, håpar vi du vil støtte arbeidet vi gjer saman med Kirkens Nødhjelp. Hugs å ta med deg kontantar til juleofferet!





Tore Thomassen i spille, sang og fortalte om boka si. Små og store var med å sang og fulgte også nøye med når han fortalte om boka si.

Misjonsmesse 2013



av Marianne Erland

9. November var det tid for årets Misjonsmesse på Førre Bedehus. For første gang var misjonsmessen knyttet opp til bLEST, og dermed ble det "misjonsbLest."

Dagen startet med voksenmøte kl.11 der Hartvig Waage fortalte om kvinnene betydning for misjonen & misjonens betydning for stemmerett, og Nicolai Østhus som snakket om misjonsarbeidet i Madagaskar og viste bilder fra en tur til Madagaskar. En gruppe eldre barn fra Skjold barnekor hadde også kommet for å synge flotte sanger i denne førjulstiden.



KL. 11.00 var det barnemøte der Tore Thomassen kom og presenterte boka si « Gutten så var uheldig i kirken» (Luther forlag AS). Han var også god til å få barna & voksne med seg i flere allsanger.

Misjonsmessa blir hvert år arrangert av flott bukett av damer, som planlegger, strikker og har misjonsmøter. I år var det masse flotte salgsvarer som sokker, Marius pannebånd, julebakst & flotte lys. Dette er flott tradisjon og en bedehusfest i Førre.

HJELP TYFONOFRENE PÅ FILIPPINENE!

SMS NØDHJELP til 2468 (200,-)
benytt kontonummer 1602 40 26535, eller ring 820 44 004 (200,-)



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Invitasjon til temakveld - diakoni

Tema: Hvordan ville Jesus praktisere diakoni i vår tid?

Onsdag 22. januar 2014 kl.19.00
Vår Frelasers menighetshus.

Professor Dr.Theol Kjell Nordstokke fra Diakonhjemmet utfordrer hver enkelt av oss til hverdagsdiakoni.

Kjell Nordstokke er en ledende fagperson i internasjonal og nasjonal diakoni, han er styreleder i Kirkens Nødhjelp.

Alle som er interessert i sine medmennesker og alt annet i skaperverket er velkommen!

Det blir servert frukt og drikke.
Gratis entrè, kollekt!

Arr.: Vår Frelasers, Rossabø og Skåre menigheter.

Kveldsgudstener i Aksdal kyrkje

av red./Inge Jarl Auestad

På initiativ frå ein gjeng i Førresfjorden menighet er det starta opp Kveldsgudstener i Aksdal kyrkje. Målgruppa er "Unge Voksne". Gudstjenestene har noko enklare liturgi og ein del lovsang.

I haust har det vore 2 kveldsgudsstener. Gjermund Lygre har vore liturg. One Way var med nå sist, 3. november. 29. september var det Torleiv Fossum med band som var musikalsk ansvarlege.

Til våren er det planlagt 2 nye kveldsgudstener; 2. februar og 6. april. Begge søndagane startar gudstenera kl. 20:00, med kyrkjekaffe frå kl. 19:30.



Salmekveld - salmer me gjerne syng

Søndag 3. november var omlag 30 songglade Nedstrandsbuar samla i kyrkja til salmekveld. Arne Jon Myskja, Stein Johannes Kolnes og Ingrid H. Landro m/forsongarar leia oss igjennom ei samling "salmer me gjerne syng." Dei fleste av salmene var henta frå den nye salmeboka, og Myskja knytta både tankar og alternative melodiar til nokre av salmene.

Det er planlagt fleire salmekveldar, neste gong våren 2014.

Lik kyrkja di på facebook!

Fleire av kyrkjene i Tysvær og Bokn har egne sider på Facebook. Les nyhende og sjå bilete frå kyrkja sine aktiviteter.

Søk og klikk "liker" Aksdal kyrkje, Bokn kyrkje og Nestrland kyrkje.

Tips Kyrkjetonar om andre kyrkjer med egne sider.



Aksdal kyrkje

131 liker · 10 snakker om dette

Likt

Melding



Nytt frå bibelskulen i Bafoulabé

av Gjermund Lygre

Tidlegare bibelskuleelev Daniel Dako er blitt pastor i Falaya Plaque.

Daniel var elev på bibelskulen i Bafoulabé for nokre år tilbake. Vi i bibelskulekomiteen såg at han var ein god mann med mange gode evner og vi bestemte oss for å sende han og familien for meir studier på ein annan bibelskule her i Mali, nærare bestemt i Bougouni. Dette er ein bibelskule som utdannar pastorar. Han vart ferdig no i juni.

I august kom han og familien til Falaya Plaque. Dette er ein av kyrkjelydane i Bamako. Han og familien er i ferd med å finne seg til rette der. Dei eldste barna går på skulen. Daniel er ein god hyrde for denne kyrkjelyden. Han er ein roleg type som vinn tillit ved sin rolege væremåte, kloke omgang med sine medmenneske og med si forkynning. I Bamako har kyrkja og ein annan pastor som heiter Job Diarra. Desse to arbeider saman og er veileidar kvarandre. Daniel vil no samle ungdomane på lørdagar og gje dei undervisning om det kristne livet, om ungdomane sine utfordringar i storbyen og andre aktuelle tema. På gudstenesta i dag sa dei i kunngjeringane at no ville dei starta opp at bønnesamlingane i familiane. Dette er eit viktig arbeid for å lære familiane å be saman og sveisar dei ulike familiane i kyrkjelyden saman.

Samarbeidskyrkja vår, EELM-Eglise évangélique luthérienne au Mali, er delt opp i fire distrikt. Bamako distriktet fungerer etter forholda godt og ein ser ein bra progresjon i arbeidet. I dag var det samling for distriktkomiteen. Komiteen står på for å hjelpe kyrkjelydane, samordnar arbeidet og hjelper kyrkjelydane til å arbeide saman.



Pilgrimskveld i Nedstrand kyrkje

tekst: Ståle Hustoft/foto: Bjørg Rørtveit

Som ein del av litteraturfesten BLEST var ressursgruppa i Nedstrand vertskap for ein pilgrimskveld i Nedstrand kyrkje 10. november.

Forfattar og forteljar Anne Kristin Aasmundtveit sette stemninga ved å ta oss med inn i forteljinga om den gongen Ragnvald Orknøjarl og Erling Skakke reiste på pilegrimsferd til Det heilage landet fletta saman med historia om ein moderne pilgrim.

Deretter presenterte Aasmundtveit ulike emner frå boka si «Alle mine veier» Kva er forskjellen på å vera turist og pilgrim. Kva er samanhengen mellom den indre og ytre vandringa?

På ekte pilgrimsvis vart kvelden avslutta med mat og prat.



Go`kveld i Aksdal kyrkje

av Greta Skorpe Elverhaug

Torsdag 7. november var det Go`kveld i Aksdal kyrkje. Salmekvelden blei variert og fin.


Arnfinn Tobiassen, kantor i Avaldsnes menighet spelte orgel/ piano, Berit Johanne Fokedal, lærar på musikklinja på Skeisvang spelte trompet og piano. I tillegg hadde Hallvard Folkedal solo på eit par songar. Han spelte og tenorsaksofon. Sistnemnte er sonen til Berit Johanne og er 17 år og går på Skeisvang på musikklinja. Saman gjorde trioen kvelden flott for oss som fekk nyte salmer i ulike taktarter. Nokre

fekk og ynskje seg favorittsalma si og alle fekk synge med. Arnfinn Tobiassen bandt det heile saman med bibeltekstar og underfundige kommentarar. Som vanleg var det mange gode salatar og rundstykke til kveldsmat.

Ståle Berge og Mai Britt Stava, lærarar på Frakkagjerd ungdomsskole, hadde besøk av to kvinner frå Guatemala. Kvinnene driv eit senter for funksjonshemma barn og var på besøk i Norge. Kvinnene fortalde om det flotte arbeidet dei driv gjennom mellom anna midler som er samla inn på Frakkagjerd ungdomsskole. Kollekten denne kvelden gjekk til Mayasenteret. Det blir fleire Go`kveldar til våren, men datoane er ikkje sette. Så følg med på plakatar, annonser og facebook!

Småglimt frå konfirmantundervisninga i Førrestfjorden sokn

foto: Karianne Dagsland





Besøk av Ten Sing Norway i Aksdal

“Jeg begynte nesten å grine!”

av Janina-Domenica Wörmann

Uken 11.-17. november har Ten Sing Norway vært på turné på Haugalandet. De brukte tiden til å reklamere for Ten Sing Norway og showet sitt “What Would You Do?”, som handler om å ta ansvar. I tillegg besøkte de kor på hele Haugalandet, var med på Good Night i Håvik-hallen (et arrangement for alle Ten Sing kor på Haugalandet) og hadde en minikonserert på Torvastad, der de kunne vise litt mer av programmet sitt.

Onsdag 13. november var One Way så heldig å få besøk av en gjeng fra Ten Sing Norway. I forkant tok Sigurd Meisfjord fra Ten Sing Norway, kontakt og stilte spørsmål om kor, band, utstyr, medlemmer og de sangene One Way holdt på å øve på. Sammen ble øvelsen planlagt og det ble bestemt å øve mer på de to sangene (“Halleluja” og “Celebration”) One Way skulle presentere på Good Night.



Da Ten Sing Norway kom om kvelden tok styret dem hjertelig imot og ved pizzaspisingen var det ganske lett å komme i kontakt. Alle syntes det var hyggelig å få litt tid til å prate og bli kjent med hverandre. Ten Sing Norway fikk mange spørsmål: Hvordan er det å være med på TSN? Hvorfor er du med? Hva har dere allerede gjort? Hva skal dere gjøre i vårsemesteret? Og styremedlemmer fikk mange spennende svar. For eksempel at de jobbet med å lage showet sitt og at de skal til Sri Lanka og bli med å starte opp Ten Sing der!

Etter hvert kom også kor og bandmedlemmer og øvelsen begynte med noen leker til å bli kjent med alle og å få en god stemning. Etter en kort oppvarming hørte Ten Sing Norway for første gang “Halleluja” og “Celebration”. De gledet seg å gi noen tips og inspirasjon fordi sangene skulle bli mye bedre enn de allerede var!;

Delt i to (kor og band) øvde de på sangene, tekst, rytmikk og bevegelser. Til slutt ble alt sammensatt og resultatet var utrolig! Der var en spenning i sangene som ikke hadde vært der før. “Jeg begynte nesten å grine – det var så rørende da dere sang Halleluja på norsk!” sa en fra Ten Sing Norway. Både One Way og Ten Sing Norway var veldig fornøyd. Den inspirasjon og motivasjon One Way fikk, gjorde at alle var i godt humør og gledet seg masse til å presentere sangene på Good Night. De fire timene gruppene hadde sammen gikk veldig rask forbi og det var synd å si “ha det bra” så kort etter at man ble kjent med hverandre. Da var det godt å vite at en skulle treffes igjen i hvert fall på Good Night!

Når alt kommer til alt har One Way hatt en kjempe kveld. Hele gjengen ble veldig motivert og tok mye med seg! Det var veldig kjekt at Ten Sing Norway brukte tid både på kor, band og den enkelte som hadde forskjellige spørsmål. Jeg tror faktisk at hver enkelt ble inspirert av den utrolig motiverte og engasjerte gjengen!

Tilbakemeldingene om øvelsen med Ten Sing Norway var veldig positive. “Fulle av energi og superpositive gjennom heile øvelsen!” sier Håkon. Også Robert og Øyvind er enige: “De hadde full kontroll på det de sko lære oss, kjempe dyktige folk”; “Det var kjempe kjekt, og de fikk sangerne til å bli mer selvsikre!”

Men også Ten Sing Norway var veldig fornøyd med kvelden. “Vi har hatt en utrolig fin opplevelse med dere. Dere virker som en strukturert gruppe, med mye energi. Velkomsten var fantastisk, og avskjeden nesten litt trist. Vi opplevde dere som konsentrerte og lærvillige, og dere ble ikke lei selv om vi holdt dere litt over tiden, og at øvelsen startet litt tidligere enn vanlig.

Det var utrolig å se hva vi fikk utrettet i løpet av øvelsen, og resultatet vi så på Good-Night, og som dere så, storkoste vi oss med deres opptreden. Dere var jevnt over en veldig positiv gjeng og vi sitter igjen med et veldig godt minne. Den lille kleinheten helt i begynnelsen av pizzaspisingen tror vi at de fleste har glemt. “Takk for en super øvelse. Vi gleder oss til å se og høre mer fra dere.” sier Sigurd.

One Way er veldig takknemlig for muligheten å bli kjent med Ten Sing Norway og den super øvelsen de har hatt sammen med dem! Alle tar mye med seg og setter stor pris på den inspirasjonen og tilbakemelding de har fått. Nå blir det spennende å følge med i Ten Sing Norway sine aktiviteter både i Norge og utlandet. Og kanskje, eller bedre forhåpentligvis, får One Way møte Ten Sing Norway igjen en gang i framtiden!



Lysene tilar i styrke

Adventstiden markerer vi med å tenne ett nytt lys på hver av de fire søndagene. Det er en gammel og fin skikk. Lyset tilar i styrke jo mørkere det blir ute og jo nærmere vi kommer det store lyset: Kristus som blir født i en stall.

Første søndag i adventstiden

er Kirkens «nyttårsdag». Da begynner et nytt kirkeår. Denne dagen er det den voksne Jesus som står i sentrum. Prekateksten forteller oss at han er oppfyllelsen av Det gamle testamentets profetier om Messias. Det er han det handler om, når profeten Sakarja forteller om kongen som kommer ridende på et esel.

Andre søndag i adventstiden

handler om at det skal komme falske profeter som urettmessig kaller seg Messias. Men først når evangeliet er forkynt for alle folkeslag, skal enden komme, det vil si tiden da Jesus kommer synlig tilbake til jorda.

Tredje søndag i adventstiden

er vi tilbake til spørsmålet om den voksne Jesus fra Nasaret virkelig er den Messias som folk har ventet på. Jesus svarer med å peke på hva som hender der han er: Blinde ser og lamme går, spedalske renses og døve hører.

Fjerde søndag i adventstiden

lar kirken døperen Johannes komme til orde. Han sier noe om at han selv er uviktig, og at Jesus er den det hele dreier seg om. Han er så enestående, sier Johannes, at jeg er ikke engang verdig til å løse sandalremmen hans.



skjermdump: living.no
tekst fra kirken.no

Småglimt frå hausten sine aktiviteter i KyrkjeNÆR



Felles misjonsdag for Bokn og Tysvær på Stemnestaden



Bilete over: Lea og Guro får stødig hjelp av Anne Siri til å lage gresskar-lanterne. **t.v:** Får Nils Michael smaken på gresskar, tru? **Under:** Vegard, Arnstein og Sigfrid jobbar konsentrert med gresskar-lanterna si.



4-årssamling på Nedstrand

Bilete: Sofie perler til bokmerket sitt på 4-årssamlinga på Soknaton, Nedstrand. Bokmerka vart etterpå hengt til pynt i kyrkja før 4-åringane fekk bokmerket med seg heim saman med 4-årsboka under familiegundstenesta 17. november.

Kyrkjær på Bokn starta hausten med samling for 2. klasse. Tema denne gongen var om Gud som skaper. Tema vart gjennomgått med undervisning, teikning og maling. Det var tydeleg at borna kosa med oppgåvene. Midt i opplegget var det pølse, pølsebrød og frukt. Som Guds skaparverk, treng me også næring for kroppen.

Maling på flotte lerrettsrammer! Dette blir kunstverk å vise fram på Hausttakkefesten 29. september. Det var Greta Skorpe Elverhaug og Solveig Våga som hadde ansvar for denne samlinga av Kyrkjær. Dei kosa seg like mykje som borna.



Alternativ halloween på Bokn

kyrkje
nær
I TYSVÆR

Jane og John har fått en liten gutt! Han ble født på Kamyana helseklinikk kl. 02:13 og veide 3 200 gram. Både mor og barn overlevde!

Gi en trygg fødsel til jul!

Send **GAVE** på sms til **2468** (200 kr)

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Allsidig arbeidsområde

av Greta Skorpe Elverhaug

Gjennom arbeidet mitt er eg rundt omkring ulike stader. Arbeidsområdet mitt spenner geografisk frå Bokn, innom Aksdal og til Nedstrand. På Bokn er det trusopplæringa for dei mellom 4-12 år som er hovudansvaret mitt.

I samarbeid med mange frivillige blir det både Dåpsskole, Diakonidag, Lys vaken og meire til. Konfirmantane er og med og hjelper til som leiarar på dei ulike arrangementa.



I Nedstrand er det Barneforening på Soknatun ein fredag i månaden. Ungane kjem rett etter skulen bort til bedehuset. Barneforeninga er for både jenter og gutar frå 1.-7. klasse. Det er samling med song og andakt, brødsriver og nysteikte kanelboller og ein aktivitet til slutt. Ungane får og gi ei lita pengegåve som går til eit misjonsprosjekt. Gunvor Hustoft og Elisabeth Sande er hovudleiarane for Barneforeninga for dei rundt 25 ungene som kjem.

Annankvar torsdag er det lys og varme i Skjoldastraumen kyrkje på ettermiddagstid. Barnekoret øver og lærer nye singlar. Den torsdagen det ikkje er øving, er det leik i gymsalen på skulen. Ester og Kåre Aasheim er leiarar for barnekoret. Kvar gong kjem det mellom 15-20 ungar i alderen 2-8 år på øvinga.



*Bileta over: Barneforening på Nedstrand
Bileta under: Barnekoret i Skjoldastraumen*



Bilete frå samling og aktivitet på Tirsdagsklubben og Barnekoret Sakkeus

I Nedstrand finn du Tirsdagsklubben og barnekoret Sakkeus. Annankvar tysdag er det mange barn og vaksne som finn vegen til Soknatun. Tirsdagsklubben og barnekoret samarbeider om samlinga. Dei fyrste minuttane er det song og andakt. Deretter går dei store ned (altså skuleungane) for å ha korøving. Dei minste blir igjen oppe og har ein aktivitet. Til slutt er alle samla og syng eit par singlar i lag før dei syng velsigninga og går heim. På Soknatun var det fullt hus då eg var der sist gong; rundt 35 ungar og iallfall 10 vaksne.



I Førresfjorden sokn er det søndagsskole når det er gudsteneste i Aksdal kyrkje. Ikkje alle søndagane, men nesten alle utanom feriane. Borna er med i gudstenesten til etter dåp eller nattverd. Deretter går dei ned i kjellaren i lag med leiarane til samling med song, andakt, bønn og aktiviteter. Ofte lagar dei noko som dei kan ha med seg heim. For mange er det og populært å gå opp i gymsalen og sparke fotball!



Søndagsskule i Aksdal kyrkje

Anna kvar onsdag er det fullt hus i Aksdal kyrkje. Då er det øving for barnekoret Minisong. Mellom 40-50 ungar i alderen 4-8 år syng for full hals. Dei vaksne kan prate og drikke kaffi i kyrkjestova medan ungene øver.

For dei mellom 1-4 år er det KOS i kjellaren. Då er dei saman med mamma, pappa eller ei bestemor. Det er rim, regler og ulike barnesingar med bevegelse. Etterpå er det prat og kaffi for dei vaksne medan ungene kan leike med bilar og klossar på golvet.

Ein gong i månaden er det kveldsmat etter øvinga med Minisong og KOS. Då er det iallfall fullt hus! Ca 100 små og store har eit fellesmåltid på kyrkjetoget. Etterpå kan dei gå heim, gå rett i seng glade, trøytte og mette!



Bilder frå barnekoret Minisong og KOS

Grautfest på Bokn skule
Tirsdag 3. desember kl. 18.00.
Arr. Speidarane



Familiemøte på Soknatun
Søndag 8. desember kl. 15.30

Velkommen til eit uformelt familiemøte med kaffi og kaker. Barnekoret Sakkeus deltek og det vert andakt.

Samlinga avsluttast med fakkeltog frå Soknatun til julekrybba ved kyrkja.



Julekonsert Nedstrand Kyrkje
Tirsdag 17. desember kl 19.30

Tradisjonen tro blir det også i år inviterte til julekonsert med lokalt julekor under ledelse av Arne Jon Myskja.

I tillegg til lokale sangere og solister deltar i år Mads Pedersen. Han er kjent fra Voice of Joy og Stavanger Gospelkor. Anita Helgeland vil også ta turen til Nedstrand med ny julesang. Orkesteret blir leda av Lars Kåre Hustoft.

Velkommen til en stemningsfull konsert med hjertet i julefortellingen.

One Way's julekonsert
Aksdal kyrkje, 20. desember kl. 19.00

Det blir kollekt ved utgangen og kafé etter konserten.

Velkommen til store og små!



Juletreffest i Tysværvåg
Tysvær soknehus 27. desember kl. 17.00

Komiteen som steller til juletreffest i Tysværvåg er godt i gong med planlegginga allereie. 3. juledag er alt klart til årets familiefest. Det blir sikkert ein fin kveld for dei minste. Trivest ungane, så trivest nok dei vaksne òg.

Programmet vil innehalda andakt, song av barnekoret Gledessprederen, god mat, godtepose til dei minste frå julenissen, og sjølvstekt gang rundt juletreet. Kanskje det er godt med eit annleis juleselskap? Merk at festen i år tek til ein time tidlegare enn før om åra.

Velkommen til store og små!



Juletreffest på Bokn bedehus
Søndag 29. desember kl. 15.00
Arr. Speidarane og bedehuset



Hellige tre kongers fest
Aksdal kyrkje
Søndag 5. januar kl. 19.00

Tradisjonen tro blir det arrangert Hellige tre kongers fest i Aksdal Kyrkje like over nyttår. Trettendedag jul, som egentlig er den opprinnelige Hellige tre kongers dag faller på mandag 6. januar. Festen i Aksdal Kyrkje blir lagt til søndag 5. januar.

Denne merkedagen som er en kirkelig festdag, knyttes til de tre kongene Caspar, Melchior og Baltazar, som fulgte stjernen og dro den lange veien til Betlehem, for å se Jesus-barnet som var født.

På festen deltar Tysvær Blandakor. Jon Ådnøy taler. Det blir god bevertning som vanlig, og misjonsglimt.

Alle er velkommen.



Samlingar ved julekrybba utanfor Nedstrand kyrkje

Me samlast ved julekrybba alle søndagane i advent kl. 17.00. Då set me inn nye figurar i stallen og syng julesongar ilag.

Velkommen til små og store!

Eirin Spilde synger julen inn

Eirin Spilde kommer fra Odda. Hun har allerede gitt ut CD'en "By Heart and By Soul" etterfulgt av konserter i kulturhus og kirker i Hardanger og Sunnhordlands distriktet med stor suksess.

Nå kommer hun den 15. desember kl 17.00 til Skjoldstraumen Kyrkje og synger våre tradisjonelle julesanger. Eirin opptrådte under Kulturnatt hvor hun gjorde en glimrende konsert i Festiviteten. Med seg har hun Eirik Evja Eikill på gitar og Åsmund Evja Eikill på kontrabass.

Billetter kr 250 selges ved inngang og på Scanticket

Internasjonal julefest for hele familien

Torsdag 12. des , kl. 18.00
i Aksdal kyrkje

Stor buffè med mange spennende retter.

Kaffe/te, deilige desserter og julekaker.

Julesang

Julebudskap og tradisjoner

Julequiz for små og store

Musikkinnslag

Julefilm og lek i gymsalen for barna

Festen er gratis, men vi ønsker veldig gjerne at deltagere/hver familie tar med en rett, et påleggfat, en salat eller en dessert. Gi beskjed ved påmelding hvis du kan bidra.

Påmelding helst innen 10. desember
telefon: 52 75 77 00/ 488 91 427
e-post: khlofthus@tysver.kommune.no



Søndagssamling på Tysvær soknehus

av Edvin Gjerde

Ein vanleg søndagskuledag kan gjerast om til noko meir enn berre ein dag for ungene, tenkte leiinga for Tysvær våg Søndagsskule. Dermed ønskte dei heile familien velkomen til å vera saman med borna.

Med barnekoret som deltar og aktivt opplegg for borna, vart det ei triveleg stund. Foreldre og besteforeldre kunne gleda seg saman med ungene, som med stor iver stod for song og dramatisering. Innandørs hinderløype var det og! Kjekt for ungene og til ettertanke for oss vaksne. Tollaren Sakkeus sitt møte med Jesus som gav livet hans nytt innhald. Ja, kvifor ikkje la alle generasjonane kome saman? Kan hende me har for få slike felles arenaer i dagens samfunn? Og då det heile var over venta kaker og kaffi i peisestova. Der hadde foreldra laga til med mykje godt.



Dette opplegget vil ein prøva å få til ein gong kvart halvår. Så følg med neste gong søndagsskulen inviterar dei vaksne til søndagssamling på soknehuset vårt.

Til de som er foreldre, besteforeldre eller fadrar: Velkommen på søndagsskulen med barna!

Gjekk du på søndagsskulen då du var liten?

av Elisabeth Fauskanger, søndagsskolekonsulent

Mange har gode minner frå tida på søndagsskulen. Me hugsar frammetokort med gullfisk klistermerke, songar me song, søndagsskuleleiarane, bibelforteljingane, flanellografen og mykje anna.

«Jesus til barna» er søndagsskulen sin visjon. Me ynskjer at mange barn skal få høyre om og bli kjent med Jesus. I søndagsskulen veit me at når barna får bli kjent med Jesus og med bibelforteljingane og dei kristne barnesongane så får det innverknad på liva deira.

Søndagsskulen representerer noko trygt og stabilt, men og noko nytt og spennande.

Mykje har blitt fornya i søndagsskulen dei siste åra gjennom tekstopplegget SPRELL LEVENDE. Her er nye kjekke songar, mange måtar å bli kjent med bibelforteljingane på, leiker og aktivitetar og mykje anna.

Søndagsskulen gir og ut bladet BARNAS med bl.a. teikneseriar, bibelforteljingar og ulike spennande oppgåver. Mange barn får bladet på søndagsskulen.

Me i søndagsskulen håpar du har lyst å ta med deg barn, barnebarn, fadderbarn eller andre barn du kjenner på søndagsskulen. De er kjempevelkomne!



Vil du støtte søndagsskulen økonomisk?

I søndagsskulen ønskjer me at mange barn skal høyre om Jesus og bli kjent med Jesus som sin Frelsar og ven.

SØNDAGSSKOLEN Karmsund-Sunnhordland krins har ein tilsett og kontor i Haugesund. Ingen søndagsskule utan leiarar, difor er ei viktig oppgave for søndagsskolekonsulenten kontakt med leiarane i søndagsskulane gjennom inspirasjonssamlingar og kurs, søndagsskulebesøk, hjelpeleiar kurs og praktisk hjelp. SØNDAGSSKOLEN NORGE har bl.a. ei eiga programavdeling som utviklar SPRELL LEVENDE som er eit kjempegodt hjelpemiddel når leiarane skal planlegge søndagsskulesamlingane. I tillegg gir søndagsskulen ut bladet BARNAS med bibelforteljingar, teikneseriar, oppgåver og mykje meir.

Ei gåve til kontonummer 8220 81 81701 blir delt likt mellom SØNDAGSSKOLEN Karmsund-Sunnhordland krins og SØNDAGSSKOLEN NORGE. **Takk for di støtte!**

BARNAS SIDE



Gullivers julekryssord!

Finner du løsningsordet?

Lykkelig ↓	Ikke motsagt ↓	Basseng ↓	Aksjeselskap ↓	Godt for helsen ↓
Åsen →		Ekornmat →		Kald snop ↓
Gi melk →		Midt i hjulet →		Bildeboks ↓
Toalett →		Tall →		
Hul →		Måned ↓		
Ikke alene ↓				
Mor →				Lever ←
Bindeord →	Berømt kineser ↓	Tre like ↓		
To like →	Drikk ↓	Ikke jeg ↓		
Detektiv Varg ... ↓				Hvis (engelsk) ↓
			Sier' kua ↑	

Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



nettSPRELL.no

- Musikkvideoer
- Tegnefilmer
- BARNAS-konkurranser

Søndagsskolens nettside for barn!

BARNAS

14 blader + DVD + CD = kun 365,-

(privatabonnement hjem i posten)
Gruppeabonnement kun 189,- pr barn

Bestill på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00

TÅRNAGENTENE

tarnagentene.no

Tårnagentenes eget nettsted!

Skjoldstraumen kirkegård

av Terje Fjeldheim

nytt frå kyrkjeverja

De fleste som har kjørt gjennom Skjoldstraumen har nok fått med seg det store anleggsarbeidet som har pågått på kirkegården.

Arbeidet er nå kommet så langt at vi ser konturene av hvordan det vil bli. Flotte steinmurer og to hvileplasser blir bygget. Det blir også et gravfelt for babyer/små barn og ett for urner. Feltene nedenfor bårhuset blir nå løftet slik at alle gravene kan gjenbrukes. Vi oppfordrer derfor de som har festet graver her, at de gjør nettopp det. Det vil på denne kirkegården nå bli graver for flere tiår fremover.

Entreprenøren vil være omtrent ferdig med sitt arbeid rundt nyttår. Det vil da gjenstå å så i plenfrø og sette tilbake de gravstøttene vi har tatt vekk. Dette vil skje så snart det er mulig på vårparten. Vi håper at dette arbeidet vil bli til glede for alle som ferdes på kirkegården.



Møter i Aksdal kyrkje

tirsdag kl 19.30

26. november	Sjømannskirken
03. desember	Normisjon
07. januar	Norsk Luthersk Misjonssamband
14. januar	Det norske misjonsselskap
21. januar	Normisjon
28. januar	Norsk Luthersk Misjonssamband
04. februar	Sjømannsmisjonen
11. februar	Den Indre Sjømannsmisjon
18. februar	Gideon
25. februar	Normisjon
04. mars	Norsk Luthersk Misjonssamband
11. mars	Det norske misjonsselskap
18. mars	Israelmisjonen
25. mars	Norsk Luthersk Misjonssamband
01. april	DISM
08. april	NMS

Preiketekstane

1. des.	1. s. i adventstiden	Matt 21,1-11
8. des.	2. s. i adventstiden	Joh 14,1-4
15. des.	3. s. i adventstiden	Matt 11,2-11
22. des.	4. s. i adventstiden	Luk 1,46-55
24. des.	Julaften	Luk 2,1-20
25. des.	Juledag	Joh 1,1-14
31. des.	Nyttårsaften	Luk 13,6-9
5. jan.	Kristi åpenbaringsdag	Matt 2,1-12
12. jan.	2. s. i åpenbaringst.	Matt 3,13-17
19. jan.	3. s. i åpenbaringst.	Joh 2,1-11
26. jan.	4. s. i åpenbaringst.	Luk 18,35-43
2. feb.	5. s. i åpenbaringst.	Mark 2,1-12
9. feb.	6. s. i åpenbaringst.	Joh 6,63-69
16. feb.	Såmannssøndag	Luk 8,4-15
23. feb.	Kristi forklarelsesdag	Matt 17,1-9
2. mars	Fastelavnssøndag	Joh 17,20-26
9. mars	1. s. i fastetiden	Matt 4,1-11
16. mars	2. s. i fastetiden	Matt 15,21-28
23. mars	Maria budskapsdag	Luk 1,26-38
30. mars	3. s. i fastetiden	Luk 11,14-28
4. april	4. s. i fastetiden	Joh 11,45-53

Gjennom livet

Døpte

Førre kirke

01.09	Jonatan Gundegjerde Meling
06.10	Oline Iversen Oda Madelen Stenland Tjoland Snare

Aksdal kyrkje

22.09	Julie Frøyland Nygaard Tilde Gullhaug
27.10	Magnus Snare

Vår Frelsers kirke

20.10	Julia Haugland Myklebust
-------	--------------------------

Skjoldstraumen kyrkje

22.09	Lars Kalleklev
06.10	Ida Mossige
20.10	Isak Lindanger Damian Lindanger Margit Lilleskog

Vats Kyrkje

Sander Elias Nilsen

Tysvær kyrkje

22.09	Fredrik Eskevik Hestvik Loke Emil Lundervold
20.10	Vilde Bringedal Riise

Vigde

Førre kirke

09.09	Kristine Skogøy Wiik og Ragnar Johansen
21.09	Anita Strømøy og Thor Erik Wiik Irene Storstein og Morten Haugeland Helvig
05.10	Anne Siri Haukeland og Geir Høy
19.10	Birgitte Stange og Kristian Stange

Tysvær kyrkje

31.08	Mari Skogen og Ronny Sztankay
-------	----------------------------------

Skjoldstraumen kyrkje

14.09	Tine Nordbø og Rune Selle Pedersen
20.10	Marita Lindanger Bagne og Marius Hinderlid

Jordfesta

Tysvær kyrkje

04.07	Sigurd Sigurdsen
21.08	Leif Gismarvik
04.10	Ole Jakob Kristiansen

Førre kirke

28.08	Lars Berner Håland
29.08	Johan Ingolf Berg
30.08	Geir Løvås
03.09	Bård Øyvind Førre
06.09	Omund Eikill Arne Kristensen
13.09	Ove Johan Ebne
11.10	Ingvald Kallevik
24.10	Eilif Aursland
04.11	Arnlaug Hellesland Bergjord
07.11	Reidar Bergfjord Tjøsvoll

Skjoldstraumen kyrkje

20.09	Marius Østebøvik
06.11	Liv Yrke

Nedstrand kyrkje

12.09	Solveig Østebøvik
31.10	Solveig Helene Sjølyst

Stell av gravplasser i Tysvær



Tlf: 93 21 66 79/52 75 88 60

Neste nummer kjem i postkassen ca. 29 mars.

Frist for stoff til nr 1/2014: 12. mars

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Velkommen til kyrkje



Aksdal kyrkje

1. desember kl. 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol

8. desember kl. 19.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol
Lysmesse

15. desember kl. 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol

24. desember kl. 14.30 og 16.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol

12. januar kl. 11.00

Gudsteneste v/ Vikar

19. januar kl. 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol

9. februar kl. 11.00

Gudsteneste v/ Vikar

16. februar kl. 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol

23. februar kl. 11.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal

9. mars kl. 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol

16. mars kl. 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol

23. mars kl. 11.00

Gudsteneste v/ Gjermund Lygre

30. mars kl. 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol
Bibel til 5 klasse

6. april kl. 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol

Førre kirke

8. desember kl. 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol
Stegaberg bedehus

24. desember kl. 14.30 og 16.00

Gudsteneste v/ Einar Andreassen

5. januar kl. 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol

2. februar kl. 13.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol

2. mars kl. 13.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal

13. april kl. 13.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal
Palmesøndag

Tysvær kyrkje

1. desember kl. 11.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal
Speiderane deltek. Tenning av
julegran.

15. desember kl. 18.00

Vi syng jula inn.

24. desember kl. 16.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal. Julespel.

25. desember kl. 12.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal

1. januar kl. 19.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal

12. januar kl. 11.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal

26. januar kl. 11.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal

9. februar kl. 11.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal. Årsmøte

23. februar kl. 11.00

Gudsteneste v/Bård Egil Dyrhol
Markering av 200 år med
Grunnloven.

9. mars kl. 11.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal
Bibel 5.klasse

23. mars kl. 11.00

Gudsteneste v/Marit Sofie T. Vikre
Dåpsskule

6. april kl. 11.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal

Nedstrand kyrkje

1. desember kl. 17.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje
Lysmesse.

15. desember kl. 13.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

24. desember kl. 16.15

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

25. desember kl. 12.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

31. desember kl. 17.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

19. januar kl. 11.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje
Bibel 5.klasse

2. februar kl.11.00

Gudsteneste v/ Einar Andreassen

16. februar kl.11.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

2. mars kl.13.00

Gudsteneste v/ Vikar

9. mars kl.11.00

Gudsteneste v/ Einar Andreassen

23. mars kl.11.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

6. april kl.11.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje
Dåpsskuleavslutning. Årsmøte

Skjoldastraumen kyrkje

1. desember kl. 19.30

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje
Lysmesse.

15. desember kl. 11.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

24. desember kl. 11.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

26. desember kl. 12.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

12. januar kl. 12.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

19. januar kl. 13.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje
Bibel 5.klasse

9. februar kl.11.00

Gudsteneste v/ Einar Andreassen

2. mars kl.11.00

Gudsteneste v/ Vikar

16. mars kl.11.00

Gudsteneste v/ Einar Andreassen

30. mars kl.11.00

Gudsteneste v/ Einar Andreassen

Bokn kyrkje

19. januar kl. 11.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal

2. februar kl. 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol

16. februar kl. 11.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal

2. mars kl. 11.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal

9. mars kl. 15.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal
Bibel 5.klasse

30. Mars kl. 11.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal
Dåpsskuleavslutning. Årsmøte.

13. April kl. 11.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal
Palmesøndag